

# ÅRSPLAN FOR SF0 2023/2024




## Tokke skule-


opp og fram

KUNNSKAP – MEISTRING – TRIVSEL


**Me helsar og  
snakkar fint  
til og om kvarandre.**




**Me er gode førebilete  
for kvarandre.**



**Me inkluderer ALLE,  
ingen vert haldne  
utanfor.**



**Me gjev kvarandre  
arbeidsro.**



**Me er flinke til å gje  
ros.**



**Me tek vare på skulen vår.**



**Me gjer ulike aktivitetar på tvers av  
klasser for å skape nye venskap.**



# **INNHOLD**

<b>Innhald</b>	<b>2</b>
Opplæringslova	3
Personalet / Kontaktinformasjon	3
Generell informasjon og opplysningar	4
Verdigrunnlag	6
Innhald	7
Samarbeid	7
Dagsrytme mån-/tys-/ons og fredag	8
Dagsrytme torsdag	9
Årsplan, mål og innhald	10
Leik	10
Mat og måltidsglede/fysisk aktivitet/friluftsliv og rørsleglede	11
Skapande og kreative aktivitetar/kultur	12

## **Opplæringslova omtaler SFO**

Kommunen skal ha eitt tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna, og gje omsorg og tilsyn. Arealet både ute og inne, skal vera eigna for føremålet. Opplæringslova kapittel 9 A regulerer elevanes rett til eitt trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø. Reglane om elevanes skulemiljø gjeld også for SFO.

**Me ynskjer alle barn og føresette velkommen til eitt nytt SFO år!**

Opningstid: 06.45 – 16.30

### **Personalet:**

**Rektor:** Tone Lunde Skaalen har det overordna ansvaret

**SFO-leiar:** Hanne Karin Berglie

Fagarbeidarar/assistentar :

Astrid B. Gravdal	Anne Haugo
Monica Mostøy	Ingrid Eidsvik
Signe Gunn Timland	Britt Vågslid

**Lærling:** Victoria Solheim

### **Kontaktinformasjon:**

**Rektor:** 350 75 311

**Telefonnummer SFO:** 350 75314

**Telefonnummer SFO-leiar:** 47 02 04 38



## **Kort info om feriane:**

Me sender ut påmelding til feriane via Visma.

### **Påmelding må innehalde:**

- namn,**
- dato/dagar,**
- klokkeslett (tid frå og til, f.eks 08.00 - 16.00)**

Frist er ca. 3 veker før haust-/jol- og vinterferien.

**Frist for påmelding til sumarferien er 14.april.**

SFO er stengt i Juli (veke 27,28,29,30) Sjå vedtekten.

Alle barn skal ha 4 veker ferie på sumaren og 3 av dei skal vera samanhengane.

## **Måltid:**

SFO serverer ikkje frukost eller ettermiddagsmat, borna må ha med eiga niste.  
Det er lov å ha med toast/nudlar/rett i koppen til ettermiddagsmat.

På torsdagar er det varm mat til lunsj. (Foreldrebetalt).

Allergiar meldast inn på Visma når ein søker plass, eller til SFO-leiar.

## **Anna informasjon:**

**SFO er gratis for alle i 1.-4.klasse frå 01.01.2024. Årsplan, vedtekter og søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside. Frå 1.januar 2024 er SFO gratis for alle i 1. - 4. klasse.**

**Det er viktig at det blir sendt melding på Visma skule til både skule og SFO dersom barnet ikkje skal på SFO ein dag han/ho har plass.**

Viss barnet skal gå heim tidlegare eller bli henta av andre/fylgje andre barn heim, **må dykk sende melding i Visma eller ring SFO.**

**Me sender ingen barn heim før vanleg tid utan beskjed frå foreldre.**

Det er pr. dato 34 barn på SFO. Bemanninga er over vedtekten som seier 10 -13 barn pr. vaksen.

## PRAKTISKE OPPLYSNINGAR:

- ha med **klede og sko** som passar til ver og årstid
- ha alltid **skift** liggande på SFO
- viktig å ha **namn** på kleda



## **Verdiar og innhald på SFO**

SFO har ein nasjonal rammeplan som trådde i kraft hausten 2021. Rammeplan for SFO gjev retning til innehald, satsingsområde, verdiar og haldningar. Kommunen må etter opplæringslova § 13-7 fylgje rammeplanen, men planen opnar for lokale variasjonar og satsingar.

### [SFO \(udir.no\)](#)

SFO jobbar med rammeplanen og har med utgangspunkt i den laga ein oversikt over det me vil fokusere på SFO.

## **Verdigrunnlag**

Målsetninga vår er å skape eit miljø der omsorg for kvarandre, tryggleik, trivsel, venskap og positive relasjonar skal stå sentralt.

For å skape tryggleik og trivsel er det viktig at kvart enkelt barn får merksemd. I ein travel kvardag er det ikkje alltid like enkelt å få gjeve kvart enkelt barn like mykje merksemd. Aktivitet i små grupper, samt rutinesituasjonar som påkledning og måltid er viktige arenaer, der me ser og hører alle barna, og der me får snakka saman. Me som tilsette på SFO skal ta barna på alvor og lytte til det dei måtte ha på hjarta, og me skal være tydelege slik at barna veit kor grensene går.

SFO prioritærer å gje barna tid og anledning til å utvikle sjølvstendighet gjennom fri leik og frie val utan over styring frå oss tilsette. Me skal likevel være tilgjengelege for barna i leik ved å leggje til rette for dei, og vera delaktige når dei ynskjer det. Me skal vera gode samtalepartnerar og hjelpe dei i situasjonar der dei ikkje klarar å ordne opp sjølv.

Leiken saman med vene og «friheten» til å velgje sjølv står høgt i kurs. Me ynskjer å ha «elevsamtaler» med barna, der me m.a. spør korleis dei har det og kva dei helst vil gjera på SFO. Me ynskjer å gje plass og mogelegheit for at barna kan leike når dei er inne på SFO, og at dei kan utfolde seg fysisk gjennom leik og aktivitetar når dei er ute. Fotballbanen/ ballbingen/ idrettshallen vert mykje bruka, både til fotball og andre aktivitetar/leik.

Me meiner det er viktig at- SFO ikkje er skule, men barnas fritid. Samtidig ynskjer me at barna skal utvikle emne til samarbeid og å vise omtanke og ta ansvar for kvarandre. Sosiale ferdighetar kjem ikkje av seg sjølv, dei er ikkje medfødt, men må pleiast og utviklast heile vegen.

## Innhald

SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktivitetane skal ha eit tydeleg barneperspektiv.

SFO skal leggje til rette for at barna får deltaka i forskjellige kunstneriske og kulturelle aktivitetar. Derfor kan alle lage produkt dei kan ta med heim. Borna kan og deltaka i kulturskulen og reise frå SFO og kome tilbake til SFO, etter undervisning.

SFO prøvar å ha eit variert tilbod av aktivitetar som er tilpassa interessene og forutsetningane i barnegruppa. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert bevegelse leik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. Me brukar uteområdet rundt skulen og nærområdet aktivt. Barna bør være utandørs ein del av tida dei er i SFO.

Måltidet er ein dagleg, kvardagsnær arena, som handlar om meir enn maten dei et. Me ynskjer å leggje til rette for matglede, gode samtaler, deltaking og opplevingar av fellesskap hjå barna. Personalelet deltek i måltidet.

Personalelet observerer barnas leik og aktivitetar, og vurderar om alle barn gjevast mogelegheiter for deltaking. Med utgangspunkt i barnas interesser gjer me vårt beste for å leggje til rette for at alle barn kan delta.

Det skal være ein variasjon i tilboden som tar omsyn til barnegruppa og barnas alder, utvikling og interesser.

## Samarbeid

Omsynet til barns beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar. SFO lyttar og tar omsyn til det barna sjølv formidlar om si oppleving av fellesskapet i SFO. Alle barn i SFO har rett til eit trygt og godt miljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Den viktigaste samarbeidspartneren for SFO er føresette, så me ynskjer ein god dialog i arbeidet med å ivareta barnets beste. Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom SFO og heimen er grunnleggjande for kvaliteten. SFO skal samarbeide med heimen og skulen for å gje ein best mogleg heilheit i kvar dagen for barna. I forhold til arbeidsmiljølova er personalelet på SFO pålagt teieplikt.

SFO skal gje foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og leggje til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten.

Me har ikkje foreldresamtaler, men dette er mogleg etter ynskje frå foreldra. Me er opptatt av openheit og tillit, og det må informerast begge vegar om hendingar som kan ha betydning for barnet. Me avtalar gjerne foreldresamtale viss det er ynskjeleg.

SFO deltek på foreldremøte i 1.-4.klasse på hausten. Eige foreldremøte på våren der føresette til elevane som skal byrje i fyrste klasse til hausten, vert invitert.

SFO skal samarbeide med barnehagen og skulen om barna sin overgang fra barnehage til skule og SFO. Eigar og alle som arbeider i SFO skal bidra til å oppfylle måla i rammeplanen med utgangspunkt i sine erfaringar og si kompetanse. På SFO har me planleggingsdagar og personalmøter der me planlegg og evaluerer innhald og driv kompetanseheving.

SFO - leiar har samarbeid med rektor/ kontaktlærarar/ inspektør/miljøterapeut

## Informasjon

Dagsrytme: måndag, tysdag, onsdag og fredag.

**6.45 - 8.15:** (morgontilbod): Leik og frie aktivitetar.

Frukost for dei som treng det (eiga niste)

**13.50:** Barna kjem på SFO og blir kryssa av på lista.

Mat. Barna har med eiga niste (toast) og drikke.

**14.15:** Uteleik. Lov å gå inn etter ein ca.  $\frac{1}{2}$  t ute.

På fredagar kan barna velje om dei vil vere ute eller inne etter måltidet.

**16.30:** SFO stenger.

## Dagsrytme: Torsdag

- 6.45:** SFO opnar.  
Leik inne og ute, frie/ styrte aktivitetar heile formiddagen.
- 09.00- 09.30:** **Frukost.** Eiga niste
- 09.30:** Friet/ styrte aktivitetar.  
  
Me ynskjer å reise på tur i oddetalsvekene, fram til kl. 14.00. Føresette får beskjed på Visma. Viktig å ha kleder som høver til veret.  
  
Partalsvekene er me på SFO og legg opp aktivitetar i grupper og fri leik.
- 11.00-12.00:** Felles måltid. Me lagar varmmat til lunsj og me prøvar å lage mat ute i oddetalsvekene. Etter haustferien kjem personalet til å ha med seg ei barnegruppe til matlaging. Denne gruppa skal og få lov til å påverke menyen.
- 14.00:** Eiga niste (toast), gjerne med frukt.
- 16.30:** SFO stenger.

SFO og skulen har eit flott uteområde med mange aktivitetar som klatrestativ, basket bane, volleyballbane, slåballbane, hinderløype, ulike paradis, huskestativ, sklier og fotballbane. Idrettshallen og badebassenget er også tilgjengeleg for oss.

På uteområdet er det ved hjelp av midlar frå Sparebankstiftelsen DNB sett opp ein gapahuk med god bålsplass, denne ynskjer me å bruke aktivt til mellom ana matlaging.

Elles ynskjer me å bruke nærområde, her kan me nemne skaterampa ved Elvarheim, sandvolleyballbanane på Tippen, området på Tangane, Huvestadskogen, grillhyttene til idrettslaget, akebakken på Jore.

# Årsplan, mål og innhold :

## Leik:

Mål: Personalet på SFO bidreg til at barnas leik ivareta og vidareutviklas i SFO.

I Rammeplanen (§ 2.1-2.7) Verdigrunnlag står det bland ana:

- Ivareta barnas skaparglede, engasjement og utforskarkartrong
- Respektere ulikheitar og leggje til rette for inkludering og mangfald
- Fremme demokrati og fellesskap

Med detta som bakgrunn, jobbar me for eit godt og sundt leikemiljø blant barna

Døme på ulike aktivitetar og innhald:

Aktivitet	Innhald	Tilrettelegging
Rolleleik	Barnas motivasjon for leik gje fellesskap, utforsking og læring	Skaffe rekvisittar, tilrettelegging av det fysiske miljøet.
Den frie leiken	- her og nå lek	
Konstruksjonsleik	Barna får erfaring med berekning av rom, retning, geometriske former og strategi. Barna kan prøve å finne ut korleis ting vert laga	Legge til rette med ulike konstruksjons-materiell og egna rom. Få tak i ulike ting som me kan skru på
Spel/ regelleik	Barna får erfaring med at felles reglar og gjensidighet krev samarbeid. Øve sosial kompetanse som sjølvheving og sjølvkontroll.	Tilgang til variera og komplette brettspel. Tilsette som spelar saman med barna.
Den organisera leiken	- opne grupper - alle som vil kan delta - vaksenstyrt leik	Tilgang på personale, barna og materiell

## Mat og måltidsglede

Mål: Måltida fremmar barnas matglede, trivsel og helse.

Døme på ulike aktivitetar og innhald:

Aktivitet	Innhald	Tilrettelegging
Måltid	Barna erfarer at fellesskap i måltida bidreg til trivsel og sosialt samvær. Ynskjer å lage mat som frå dei nasjonane som er representert på SFO.	Dei tilsette organiserer og planlegg måltida. Dei et saman med barna og deltek i samspelet rundt bordet.
Matlaging / baking	Barna er med på å bestemme kva me skal ete. Dei lærer å fylge oppskrifter og grunnleggande mathyggiene. Mat på bål Glaser eple Jolebakst Påskelunsj	Dei tilsette støttar og rettleier barna prosessen

## Fysisk aktivitet / friluftsliv og rørsleglede

Mål: Barna deltek i ulike fysiske aktivitetar ute og inne kvar dag.

Døme på ulike aktivitetar og innhald:

Aktivitet	Innhald	Tilrettelegging
Uteområdet	Ved å nytte heile området ligg det ligg det til rette for stor fysisk allsidigheit gjennom heile året. Bordtennis.	Dei tilsette planlegg og deltek i ulike fysiske aktivitetar. Nødvendig utstyr er tilgjengeleg.
Idrettshallen Skaterampa/ Elvarheim Biljard Bordtennis	Gjennom ulike aktivitetar øver barna motoriske ferdigheter. Skatebrett/ sparkesyklar Sumobryting/ ballar	Dei tilsette legg til rette for allsidige aktivitetar med ulik intensitet.
Tur	Gjennom turar i nærmiljøet erfarer barna å bruke kroppen på variert underlag og øve uthaldenhet.	Dei tilsette tek med utstyr til aktivitetar og varierar turløypa.

## **Skapande og kreative aktivitetar/kultur**

Mål: Gjennom erfaring og opplevingar med ulike materialar og kunstneriske uttrykk utviklar barna sine evner til nysgjerrighet, kreativitet og fantasi.

Eksempel på ulike aktiviteter og innhold:

Aktivitet	Innhald	Tilrettelegging
Formingsaktivitetar	Barna får erfaring med ulike material og kunstnariske uttrykk. Ulike Halloween pynt Jole-/ påskeverkstad Ansiktsmåling Sno-forming	Tilgang på varierte materialar og utstyr. Sanke naturmateriale. Gode spader.
Musikk, dans og drama	Barna erfarer ulike uttrykksformer som bidrar til kulturell identitet og forståing. Gjennom kulturskulen får mange barn vera med på slike aktivitetar, men alle er ikkje med her, difor vil me prøve å få barna med på å lage ei « framsyning».	Dei tilsette planlegg prosessen i samarbeid med barna.
Besök av Russen	Russen er store førebilete blant barna på SFO og er ein viktig del av samfunnet vårt.	Russen har regien på besøket og dei tilsette støttar opp.

**Me lagar årshjul i samarbeid med borna som heng på SFO.**